

## Lurer du på noko kan vi kontaktast på:

Ekspedisjon: 70 10 54 45 (dagtid)  
Poliklinikken: 70 10 54 44 (dagtid)  
Ansvarleg sjukepleiar: 70 10 54 57 (dagtid)  
Gynekologisk avdeling: 70 10 59 50 (kveldstid)

### Pasientinformasjon

# Slyngekonisering

# Slyngekonisering

Informasjon til deg som skal / har vært til slyngekonisering

## Behandlinga

Slyngekonisering går ut på at ein liten del av livmorhalsen blir fjerna ved hjelp av ei slynge. Behandlinga vert gjort i lokalbedøving, så det er ikkje nødvendig at du er fastande. **DU MØTER VED GYNEKOLOGISK POLIKLINIKK TIL AVTALT TID.**

Behandlinga kan ikkje gjennomførast om du har menstruasjon. Er det tilfelle for deg, kontakt gynekologisk poliklinikk for å avtale ein ny time. Har du spiral, vil eventuell fjerning av den diskuteras ved oppmøte. Ny spiral kan tidlegast leggest inn 6 veker etter behandlinga.

Dersom du brukar blodtynnande medikament, som t.d Albyl-E eller Marevan, må desse stoppast ei veke før inngrepet. Du må då ta kontakt med fastlegen din for å høyre om dette er greit, eller om du må ha eit anna medikament istaden.

Når du reiser heim etter behandlinga, får du beskjed om time til kontroll ved poliklinikken hos legen som behandla deg, eller den som tok prøven før behandlinga. Kontrollen er 4-6 måneder etter behandlinga.

Vevsbiten som er fjerna vert sendt til mikroskopisk undersøking. Rapport om kva som er gjort og resultat av prøvene vert sendt til deg og fastlegen din. Evt. vidare oppfølging vert avtalt ved etterkontroll på poliklinikken.

## Etter behandlinga

Behandlinga etterlet ei sårflate på livmorhalsen som gror i løpet av 3-4 veker. Desse vekene bør ein unngå tampong, karbad, samleie og sterk fysisk aktivitet. Dette for at sårflata skal gro fint, og unngå at det oppstår blødning.

Det er vanleg med litt blodig utflod dei første vekene, men sjeldan større blødningar. Fare for blødning er størst første veka. Du får sjukemelding i ei veke. Skulle du få sterke blødningar, meir enn vanleg menstruasjon, må du kontakte gynekologisk poliklinikk (dagtid) eller gynekoogisk avdeling (kveldstid).

Med venleg helsing  
Gynekologisk poliklinikk  
Kvinneklubben

